

Gjennomstrøyming med og utan rettleiing.

Lars Arve Røssland

Institutt for informasjons- og medievitenskap, Samfunnsvitenskapleg fakultet,
Universitetet i Bergen

E-post: larsarve.rossland@infomedia.uib.no

Gjennomstrøymingspress

Dette paperet tar utgangspunkt i ein heilt konkret prosess vinteren 2005/2006 knytt til eit uttalt mål ved Det samfunnsvitenskaplege fakultet om å auka gjennomstrøyminga på masternivået. Ved fleire høve slo Fakultetet fast at den såkalla *gjennomstrøymingsgraden* er for dårleg. Denne graden gjeld kor mange som faktisk leverer ferdig masteroppgåve på normert tid, altså innanfor fire semester totalt på masternivået. Meir konkret spør paperet seg kva for plass *rettleiing* har hatt i denne prosessen. I utgangspunktet skulle ein tru at det å rettleia masterstudentane ville vera ein heilt sentral del av materien når det handlar om gjennomstrøyming. På éin måte var det også tilfellet, på ein annan var det ikkje det. Før eg kjem nærare inn på rettleiinga si plass meir konkret, skal eg gi litt meir bakgrunn for prosessen rundt gjennomstrøyming – eller presset for å få til gjennomstrøyming, som nok mange på instituttnivå ville kalla det. Heilt konkret er det inntrykk frå den lokale prosessen ved Institutt for informasjons- og medievitenskap som ligg til grunn for den vidare drøftinga.

Fakultetet sitt utgangspunkt var *statistikk*, altså eit kvantitativt mål på eit heilt overordna nivå. Rettleiing må på si side kunna kallast eit klart *kvalitativt* element på eit nært og individuelt nivå ved universitet og høgskular. Alt i dette utgangspunktet ligg det såleis ein konflikt mellom tema for gjennomstrøymingsprosessen og rettleiinga sin plass i den. Statistikken viser at svært få masterstudentar gjennomfører studiet på normert tid. Basert på talmateriale for dei som vart tekne opp på dei åtte disiplinære masterprogramma hausten 2003, synte det seg hausten 2005 at berre 15 prosent var ferdige. Og: ”Gjennomføringa varierer mellom institutta, men er langt frå tilfredsstillande for nokon av dei” (frå saksutgreiinga til møtet i Fakultetsstyret, 6.12.05). Dette må det gjerast noko med,

er altså meldinga frå Fakultetet. Alle fagmiljøa vart, på varsame men klare måtar, gitt melding om å setja i gang tiltak for å få til ei forbetring av desse tala.

Ved Institutt for informasjons- og medievitenskap fanga ein opp dette klare ønsket ovanfrå i systemet alt i oktober månad. Då behandla Undervisningsutvalet ved Instituttet dette temaet og utvalet vedtok følgjande:

- a) at det i studieplanane for instituttet sine mastergradsprogram blir slege fast at lengda på masteroppgåva ”normalt skal vera 60-70 sider”,
- b) at tiltak for å knyta mastergradsprosjekt enno tettare til forskingsaktiviteten ved instituttet blir organisert gjennom undervisninga på INFOMEVI300 – ”Prosjektarbeid og forskingsdesign”,
- c) at det blir utarbeidd ein skriftleg oversikt over aktiviteten i forskingsgrupper og forskingsprosjekt, med framlegg til mulege mastergradsprosjekt og råd om oppgåveskriving og arbeidsrutinar, mm. og
- d) at det blir vurdert å oppretta ei rettleiingsteneste med fast kontortid som studentane kan oppsøkja for å få hjelp, råd og støtte, i tillegg til ordinær rettleiing (Undervisningsutvalet, Institutt for Informasjons- og medievitenskap, 12.10.05).

To dagar seinare (14.10.05) kom det melding om at ”...studieplanane for våre tre masterprogram er no reviderte i samsvar med punkt a) i vedtaket, der det heiter at ”Masteroppgåva er eit skriftleg arbeid på 60-70 sider”. Det enklaste vart altså gjort først. Det enklaste er her i tillegg knytt til det kvantitative nivået (sidetal), det nivået som Fakultetet tok utgangspunkt i via statistikk. Å gå inn i dei kvalitative sidene ved å betra rettleiinga er ein vanskelegare prosess. Det tar lengre tid å gripa tak i det og, framfor alt, det er verre å fastslå kva ein faktisk skal gjera. Å redusera kravet på omfangslengde for masteroppgåvene er på ein annan måte handterleg. Spørsmålet om kor vidt tiltaket verkar, er ein annan, men interessant, diskusjon. Blir studentane fortare ferdig når dei skal skriva 60-70 sider, samanlikna med om dei må skriva 80-100? Det openberre poenget, slik i første omgang, er at det *ser ut til å* vera eit relevant tiltak: skriv ein kortare, så skriv ein vel fortare? No ja. Studieplanen slår framleis fast at oppgåva er eit ”sjølvstendig forskingsarbeid skrive under rettleiing. Det betyr at vurderingskriteria er dei same som ved vurdering av vitenskapleg kvalitet elles, i lys av omfangsavgrensing og tidsramme for arbeidet.” Tiltaket med omfangsavgrensing er – førebels – ikkje følgt av tiltak rundt endringar av *kvalitetskrav*. Alle som har skriva vitenskaplege artiklar veit at det ikkje på

nokon måte treng vera lettare og ta svært mykje kortare tid å skriva 15-25 sider, samanlikna med rapportar eller bøker på det mangedobla sidetalet. Berre dersom kortare sidetal også blir følgt av andre, klart definerte skilnader når det gjeld format, vil slike forhold lettare kunna vera relevante.

Gjennomstrøyming og rettleiing

Også elles i prosessen ved Institutt for informasjons- og medievitskap vart det fokusert på det ein kan kalla *omkringliggande* eller *strukturelle* faktorar framfor forhold som har med dei meir kvalitative sidene ved *rettleiing* å gjera. I meldinga av 14.10.05 blir det også minna om andre relevante formuleringar som faktisk alt står i studieplanane for masterprogramma ved instituttet. Det blir slege fast at "...Instituttet har utarbeidd ein rettleiingskontrakt som skal underskrivast av student og rettleiar, og som klargjer rettar og plikter for begge partar." Instituttet har alt ein grei avtale og reknar seg som ferdig med drøftinga av kvaliteten på denne, noko det skal bli returnert til nedanfor.

Ei framtidig *studiehandbok* framstår som tiltaket som framfor alt skal løysa mykje av den lokale problematikken på instituttet. I denne, som altså skal lagast slik etter kvart, verkar det som om "alt" skal stå. Her skal det vera ein sensurinstruks, der kriterium for vurdering av oppgåver av ulike slag vil bli "teke opp". I handboka skal det elles vera "oversyn over forskning ved instituttet, framstilling av fag- og forskingsfelt (teoretiske perspektiv, etablerte problemstillingar og analysemåtar, metodegrunnlag og tilgjengeleg datamateriale), og dessutan kanoniske tekstar og døme på eksemplarisk forskning, framlegg til mulege mastergradsprosjekt og allment gode råd om å arbeida med, strukturera og skriva ei masteroppgåve". Ja, det skal bli litt av ei studiehandbok. Det blir nemleg også lagt til: "Når det gjeld punkt c) om at det vert utarbeidd ein skriftleg oversikt over aktiviteten i forskingsgrupper og forskingsprosjekt, med framlegg til mulege masteroppgåver og råd om oppgåveskriving og arbeidsrutinar, mm., så vil dette bli følgt opp i arbeidet med den nemnde studiehandboka." Det er godt muleg arbeidet med handboka, i alle fall tenkearbeidet, er i gang, men den ligg i alle fall ikkje føre i juni 2006, åtte månader seinare. Ein får i alle fall mange grunnar til å sjå fram mot den med forventningar: "Først når ei slik handbok føreligg, vil det vera tenleg å sjå nærare på organiseringa av INFOMEVI 300, jf. punkt b), kva rolle den enkelte og forskingsgruppene konkret skal spela i organiseringa og avviklinga av dette kurset."

Det mest konkrete knytt til rettleiing i oktoberbehandlinga ved instituttet, var knytt til forslaget om ei ekstra lokal rettleiingsteneste. Undervisningsleiar skriv i si melding av 14.10.05 følgjande om denne tenesta: "...å etablera ei rettleiingsteneste med fast kontortid, knytt til forskingsgruppene og i tillegg til ordinær rettleiing, vil eg no drøfta med studiekonsulentane og andre berørte partar. Kva konklusjonen blir, vil eg koma attende til."

Heller ikkje saksutgreiinga til og behandlinga i Fakultetsstyret nærma seg eigentleg dei kvalitative sidene ved rettleiing. Konklusjonen – og den sentrale budskapet – er knytt til statistikk, tal og presentar: "Etter fullført vårsemester 2008 forventar Fakultetet at gjennomstrøymingstala syner at hovuddelen av masterstudentane ved SV-fakultetet gjennomfører på normert tid og at tala for vårt fakultet tilsvarar tala som Det matematisk-naturvitskaplege fakultet hadde i 2005 etter å ha innført absolutt tidsfrist, nemleg at 70 prosent av studentane gjennomførte masterstudiet på normert tid." (Fakultetsstyret, 6.12.05)

I saksutgreiinga delte Fakultetsstyret saksfeltet opp slik: *studieadministrative tiltak, strukturelle tiltak, studiesituasjonen, rettleiing og studieplanane*. Dette er på mange måtar ei underleg inndeling. Rettleiing har naturlegvis med studiesituasjonen å gjera og dei strukturelle sidene går gjennom alle dei andre elementa. Ein mild måte å vurdere dette på vil vera å seia at ein her opererer med eit *uavklart* forhold til rettleiinga si plass i prosessen. Denne inndelinga vart følgt opp heilt direkte på instituttnivået.

Kva er fellesnemnaren for dei tiltaka som vart føreslegne av fakultetet og kommentert og drøfta på instituttet? Jo, at dei handlar om det ein kan kalla *omkringliggande faktorar*. Dersom ein legg til grunn at masteroppgåva er eit skriftleg arbeid av ein student og at rettleiing frå ein fagleg kunnig er eit sentralt element undervegs i arbeidet med oppgåva, ja så burde det følgja at dei kvalitative sidene – altså innhaldet i rettleiinga og måten rettleiinga skal gjerast på – skulle vera ei svært viktig side ved ein prosess som dette. Det har det altså ikkje vore.

Under dei studieadministrative tiltaka handla det om betre system på registrering av deltid og permisjonar i tilknytning til heilt eller delvis planlagde pausar. Under dette ligg det ei forståing av at situasjonen for gjennomføring (graden) "ikkje er fullt så ille" dersom ein reknar inn slike forhold. Så handlar det generelt om å "overvaka studiesituasjonen" og å innføra "fullføringsavtalar" når normert tid er ute. Spesielt det siste har informasjons- og medievitenskap merka seg i si behandling av saksfeltet. Det sentrale elementet i instituttet si drøfting på dette punktet er etableringa av incentiv for rettleiar slik at rettleiar i større grad

vil fokusera på fortgang i rettleiinga. Det gjeld til dømes eit forslag – som seinare er lagt bort etter klar motstand i Instituttrådet – om å kopla belønningsmidlane for rettleiing til når studentane ein har rettleia blir ferdig i forhold til normert tid.

Dei ”strukturelle tiltaka” er plassert på studie- og undervisningsplannivået. Mest konkret er eit forslag om å innføra fire datoar som frist for innlevering av masteroppgåva. Dette punktet vart ein interessant lokal føljetong på instituttet. Av alle dei tiltaksforslaga og kommentarane som dukka opp i prosessen, var det på dette punktet det vart mest ordveksling. Grunnen var ein ulikskap mellom ein informasjonsvitskapleg tradisjon med frie fristar og ein medievitskapleg tradisjon med faste fristar. For husfreden si skuld gjekk instituttleiinga til sist bort frå forslaget om ei sams ordning på instituttet på dette punktet, trass i at Fakultetet klart uttrykker at ei ordning med fire faste fristar vil vera bra for målet om snøggare gjennomføringstakt. Poenget her er først og fremst det slåande i at fokus så sterkt hamna på eit slikt punkt og ikkje på kvalitative forhold rundt rettleiinga.

For forholda rundt ”studiesituasjonen” – og då altså utanom rettleiing – handla tiltaksforslaga på fakultet og institutt først og fremst om informasjonsmessige og kulturelle forhold. Som døme heiter det i saka i Fakultetsstyret: ”Det skal arbeidast for at normert studietid blir ein norm mellom tilsette og studentar ved instituttet”, og dessutan at ein skal ”... vidareføra arbeidet for at det blir felles oppfatningar av karakterskalaen, mellom anna at karakteren C er ein god karakter.” Det er kulturelle forhold *rundt* rettleiinga det blir fokusert på, ikkje sjølv rettleiinga. Karakteren C kan jo også koma av at rettleiinga ikkje har vore god nok, at det har vore for dårleg kommunikasjon mellom rettleiar og student undervegs osb. Dette blir i svært liten grad gjort til tema i prosessen.

Dei tiltaksforslaga som av Fakultetet vart definert som å ha direkte med *rettleiing* å gjera, såg slik ut:

- ✓ Innføra tiltak for tettare oppfølging av studentar i utviklinga av problemstilling. Eksempel på dette kan vera at institutta vurderer innføring av obligatorisk prosjektutviklingsseminar i god tid før arbeidet med masteroppgåva tek til, at det blir innført fristar for prosjektskisser, og at det i større grad enn i dag blir lagt til rette for førehandsdefinerte tema og datamateriale for masteroppgåva.
- ✓ Studenten får oppnemnt rettleiar seinast i løpet av andre semester.

- ✓ Omarbeida rettleiingskontraktane slik at plan for rettleiing, omfang og spesialisering av kor ofte ein får rettleiing blir teke med. I tillegg må det inngå ei tidsavgrensing i rettleiingsforholdet.
- ✓ Rettleiingsforholdet blir definert innanfor normert studietid, og blir deretter avslutta. Dette må likevel sjåast i samanheng med fullføringsplanar for dei som går ut over normert tid.
- ✓ Tettare oppfølging i analyse- og skrivedelen av arbeidet.

Her kan ein sjå at tiltaksforslaga dreiar seg om ”omkringliggande faktorar” på to nivå: For det første forhold rundt eller utanfor det som har med rettleiing å gjera, for det andre forhold som har med rettleiing å gjera, men ikkje med den direkte skriveprosessen og relasjonen mellom ein fagleg kunnig rettleiar og ein masterstudent. Unntaket er det siste punktet, men dette er svært generelt og laust i formen. Kva ligg i ”tettare oppfølging”? Her stoppar ein nettopp der ein har høve til å gå djupare inn i dei kvalitative sidene ved rettleiinga.

Frist for institutta for å kommentera Fakultetets tiltaksforslag vart sett til 15. april 2006. 14. februar kom eit notat der undervisningsleiar ved informasjons- og medievitenskap gjekk gjennom og vurderte tilrådingane. På rettleiingspunktet går undervisningsleiar noko lengre enn Fakultetet i å vektlegga innhaldet i rettleiingsforholdet. Men også her blir det skubba fram i eit framtidig ”seminar”. Notatet munnar ut i lokale tilrådingar, tilrådingar som skulle passa godt for informasjons- og medievitenskap. Før tilrådingane oppsummerer undervisningsleiar slik: ”Det er eit mål at flest muleg studentar fullfører mastergradsstudiene på normert tid. Dei viktigaste tiltaka for å oppnå dette, er forskingsbasert undervisning på høgt nivå, god fagleg samanheng mellom kursdel og tema for masteroppgåver og at studentane i val av tema blir kopla tettare til arbeidet i forskingsgruppene ved Instituttet. Det at studentane kjem seint i gang med arbeidet med oppgåva, og at det gjerne er uklare oppfatningar om rettar og plikter knytt til eit rettleiingsforhold, framstår som andre område med klart forbettringspotensial – utan at det vil gå ut over fagleg kvalitet og høve til fordjuping. Snarare tvert om.”

Og mot denne bakgrunnen endar ein opp i følgjande konkretiserte tilrådingar internt på instituttet:

- a) Etablerte rutinar for overvaking av studentane sin situasjon og faglege framdrift vil bli gjennomgått og nedfelt i ein skriftleg instruks. Studentar som går over normert studietid må inngå ein såkalla fullføringsavtale, der studenten i samarbeid med rettleiar og studiekonsulent lagar ein plan for ferdigstilling av masteroppgåva.
- b) Det blir innført fire årlege innleveringsfristar for masteroppgåver, og desse skal framgå av studieplanane.
- c) Rettleiingskontrakten for masterstudiane skal gjennomgåast med sikte på å bli meir informativ med omsyn til rettleiing og rettleiingsforholdet.
- d) Det skal lagast ei eiga rettleiing om skrivning av masteroppgåve.
- e) Det vert skipa til eit seminar som set fokus på kva ”god rettleiing” er.
- f) Det vert, som ei prøveordning, etablert eit rettleiingskontor for masterstudentar.

Kva seier så alt dette om rettleiinga sin plass i *gjennomstrøymingssaka*? Den blir knappast gitt noko sentral rolle. Ein første konklusjon er at ein, både på fakultets- og instituttnivå, ser på tiltak knytt til rettleiing på omkringliggende strukturelt nivå. Det gjeld oppnemning av rettleiar, kontrakt, fullføringsplanar og slike forhold. For *innhaldet i sjølve rettleiinga* ligg det frå fakultetet ei enkel formulering som heiter *tettare oppfølging i analyse- og skrivedelen av arbeidet*. Men kva som ligg i dette og korleis det skal oppnåast, er ikkje utlagt. Den stadige vegringa for å gå inn i dei kvalitative sidene ved rettleiinga og skrivearbeidet kan illustrerast med forslaget om ei eiga rettleiing om skrivning av masteroppgåve. Her er altså tanken at nokon skal utarbeida eit lite hefte om dette. Men kven skal skriva den? Korleis skal arbeidet leggest opp? Kva skal ein ta utgangspunkt i? Her er det få svar så langt. Dette i seg sjølv er eit symptom på at ein i stor grad unngår å ta opp dei konkrete utfordringane i kva som er *god rettleiing*. I staden prøver ein, men utan å veta kva effekt det har, å gjera noko med slike omkringliggende former.

Rettleiing og kultur

Proessen rundt saka om gjennomstrøymingsgrad innebar heilt klart eit auka medvit om rettleiing for deltakarane i den, men det var altså eit auka medvit om omkringliggende former og faktorar, meir enn om rettleiings kvalitative innhald. Det er gode tankar og ansatsar i informasjons- og medievitenskap si lokale drøfting av saka. Det er forslaga om eit

eige rettleiingshefte og eit seminar om rettleiing uttrykk for. Samtidig ligg det ikkje noko innhald verken i hefte eller i seminar, heller ikkje i skrivande stund, i juni 2006. I sakskomplekset ligg det også eit *tidspress*. Det handlar om å ”visa resultat” ved fullført vårsemester 2008. Når godt og vel eit halvår er gått etter at saka vart løfta fram i Fakultetsstyret utan at slike kvalitative sider ved rettleiinga er konkretisert, er ikkje det noko godt teikn. Det forsterkar inntrykket av at ein grip tak i tiltakstypar som er ”handterbare”. Det spørst om ikkje det handterbare og dermed det omkringliggende i endå større grad blir løfta fram etter kvart som tidspresset aukar.

Dei fleste deltakarane i debatten er erfarne rettleiarar. Totalt snakkar ein om ei stor mengd ferdige studentar som dette rettleiarkollegiet har hjelpt gjennom systemet. Nokre er ferske med berre svært få studentar på lista si, andre er godt erfarne og har rettleia svært mange studentar. Den totale mengda av kunnskap om rettleiing må såleis på eitt nivå vera svært stort på eit institutt som informasjons- og medievitenskap. Kvifor tar det då så lang tid å fylla eit hefte med innhald eller å samtala på seminar om dei kvalitative sidene ved god rettleiing? Spørsmålet som reiser seg er i kor stor grad kunnskapen om rettleiing er open, uttalt og kollektivt delt kunnskap eller om den er lukka, ikkje-uttalt – praktisk – og individuell kunnskap.

Behovet for å ha gode samtalar og snakka om rettleiing er stort. Ikkje berre fordi det finst eit press ovanfrå om større gjennomstrøyming, men også fordi studentmassen endrar seg og stiller oss overfor nye krav og forventningar:

With the growing student body becoming more heterogeneous in terms of social background and age, levels of preparation and work experience and patterns of studying and learning than in the past, the need for introductory teaching and diversifying learning pathways has expanded and intensified. Old ideals about a rather individualized and personal relationship between professors and students in a research-training environment diminish, while more formalized arrangements for a growing and diversifying student body become more apparent, not only at the introductory level but at the more advanced levels of research training (Enders 2004: 420).

Er det slik at tankane om kva eit hovudfagsarbeid eller mastergradsarbeid skal vera for noko i større og større grad kolliderer med studentane sine tankar om det, så har ein eit grunnleggande problem som i høgste grad har med sjølve føresetnadene for god rettleiing å gjera. Problemet blir ekstra stort dersom problematikken blir taus, uuttalt og gøymt under bordet. Å nemna ”hovudfagsarbeid” og ”mastergradsarbeid” i same setning kan vera eit døme på ei endring som ikkje nødvendigvis er avklart i forhold til kva den inneber når det

gjeld studiet, studentane, krav og forventningar: Var "hovudfagsarbeid" eit klarare forskingsmessig arbeid enn "mastergradsarbeidet"? Dei siste åra har reformer avløyst kvarandre og høgare utdanning har vore i sterk endring. Men kva veit me om kor vidt dei vitskapleg tilsette sine haldningar, krav og forventningar til studentane har endra seg? Svært lite. For det er svært lite open drøfting av forholdet mellom ein rettleingsprosess og ein studentmasse i endring og ein muleg kollisjon med etter måten stabile forventningar og krav til studentar frå vitskapleg stab. Ei viktig reform dei seinaste åra var omlegginga av lågaregradstudiet frå fire til tre år. Samtidig skulle ein halda på eit høgaregradstudium på to år. Men grunnlaget for mastergraden er altså redusert med ein fjerdedel i tid. Mange vil hevda at dette inneber i alle fall indirekte endringar i forståinga av kva kunnskap og vitskap er for noko, iscenesett av rammeleggarane, politikarane. Dette har vore endringar som store delar av rettleiarpoolen er *imot*. Dette kan innebera bremsar i forhold til vilje til å ta for seg kva slike endringar i rammevilkåra faktisk inneber for studia og for studentane. Det kan vera særleg påtakeleg innanfor samfunns- og humanvitskapane, fordi det ligg til grunn ei forståing av at rammeleggarane sine ideal for endring er henta i heilt andre fagtradisjonar, ikkje minst matematisk-naturvitskaplege. Under dette ligg gjerne tanken om kor viktig det er at forskning – og undervisninga skal vera forskingsbasert – skal kunna bidra til å løysa konkrete problem i samfunnet. Den skal i så måte vera instrumentell (sjå t.d. Enders 2004: 422). Forholdet til arbeidsmarknaden "der ute" er relatert til dette:

In the meantime, there is a widespread belief that research training has to anticipate, to a growing extent, the needs of the labour market outside academe and needs to be decoupled from its strong association with the academic labour market. But what does that mean? A quest for more explicit training in soft skills, project management and teamwork has been emphasized in respective politics and, to some extent, in practice (Enders 2004: 426).

Slike omfattande trendar skjer i utdanningssystemet. Når Institutt for informasjons- og medievitskap skal fokusera på rettleiing, blir fokuset for snevert. Ein er klar over, men ein handlar ikkje på grunnlag av at ein er klar over, desse trendane. Enders (2004) er for Ph.D.-nivået oppteken av ein skikkeleg balanse mellom ei utdanning retta mot Akademia og ei utdanning retta mot den "andre" arbeidsmarknaden. Då skulle det i alle fall vera relevant å tenka slik – ha to tankar i hovudet samtidig – på masternivået. Dette er naturlegvis også ein "omkringliggande faktor", men den er viktig: det betyr noko for gjennomstrøyminga om ein tenker at det viktigaste er å få innsikt, bli klokast muleg på eit felt, eller om det er å

fylla eit format innanfor klart meir avgrensa rammer. Det er i éin samanheng eit spørsmål om Akademiens plass i kunnskapsøkonomien (Johnston & Murray 2004: 40) – og altså samtidig er det i stor grad slik at slike spørsmål, slike konflikter mellom ideal og nye krav og andre endringar, berre i smålåtten grad blir tiltalt når eit så sentralt studietiltak som rettleiing på master skal drøftast.

Det uuttalte er truleg eit stort problem. Det å skapa ei felles forståing i starten av ei rettleiing av kva for ei ferd studenten no skal ut på, må vera viktig. Dersom dette ikkje blir gjort og det faktisk er slik at student og rettleiar har ganske ulike tankar om kva eit masterarbeid er og bør vera, så skapar dette grobottn for slike negative trekk som fleire har peika på at kan utvikla seg i læreprosessen: kjensle av fagleg (og anna) isolasjon, manglande kontekstforståing (for eige arbeid) osv. Dersom eit mastergradsarbeid (og i alle fall eit doktorgradsarbeid) kan sjåast på som ei innviingsrite inn i eit akademisk tilvære, så skal ein altså i tillegg til sjølve arbeidet også måtta knekka kodane i si ”stamme”. (Johnston 1995: 287). Vanskane med å knekka slike kulturelle kodar, å forstå ”faget”, enten frå eit master- eller doktorgradsperspektiv er truleg eit allment poeng eller problem,. Dette kulturelle og uuttalte aspektet blir altså ekstra påtateleg i fasar med store endringar i rammene for både vitenskapleg stab og for studentar. Det er for mykje ”taken-for-grantedness” i forholdet mellom rettleiar og student når det gjeld forståing av kva arbeidet går ut på:

These (...) characteristics of community membership and induction explain why supervisors so often take for granted that their postgraduate students understand the research process and also why postgraduate students so often speak about their experiences of ‘being in the dark’, ‘running blind’ or not knowing what is expected of them (Johnston 1995: 289).

Dysthe er også oppteken av dei kulturelle sidene ved rettleiing (Dysthe 2002). Ho poengterer nettopp at rettleiar sin måte å få grep om, eller setja omgrep på, rettleiingsforholdet er ”...of great importance for the interactions between the two about the student’s text” (Dysthe 2002: 493-494). Dessutan legg ho skilnaden mellom den tyske og den amerikanske universitetstradisjonen som eit bakteppe på eiga forskning på temaet; der norske universitet er prega av den første. Den tyske Humboldt-tradisjonen er prega av vektlegging av institusjonell fridom, akademisk fridom – også for studentane – og forskingsbasert undervisning, medan den amerikanske tradisjonen har vore meir

nyttebasert. Også Dysthe slår fast at den kulturelle dimensjonen ofte er taus eller implisitt (2002: 518).

Under seminaret på Institutt for informasjons- og medievitenskap 8. mars 2006, som oppfølging til Fakultetet si forventning om tilbakemelding på tiltaksforslaga innan 15. april, vart fleire punkt drøfta. Mellom dei viktigaste, sett i lys av temaet for dette paperet, var dei som hadde med *medvitsprosessen* rundt rettleiinga å gjera: Korleis driva rettleiing? Kvifor? Kva er målet? osv. Det er viktig å læra den enkelte studenten – som student – å kjenna. Det er først og fremst viktig å setja ord på forventningar til og tankar om kva ei masteroppgåve – *for denne studenten* – skal vera for noko. Under dette ligg det at ein også må våga å snakka om karakterambisjonar tidleg. Ein må – om ein likar det eller ikkje – vera open for at det finst i alle fall to typar studentar: dei som gjerne vil fordjupa seg mest muleg lengst muleg og dei som, meir eller mindre instrumentelt, vil få seg ein mastergrad og vil bruka den til å få seg jobb ”der ute”. Instituttleiinga si kommentering av saka undervegs har ein i større grad kunna lesa som eit uttrykk for den kulturelle oppfatninga av at fordjuping og å bruka god tid kan vera vel så bra sett frå *akademia* som eit ”for sterkt normeringspress”.

Litteratur

Dysthe, Olga. ”Professors as Mediators of Academic Text Cultures” – i *Written Communication/October 2002*: 493-543

Enders, Jürgen. “Research training and careers in transition: a European perspective on the many faces of the Ph.D.” – i *Studies in Continuing Education*, Vol. 26, No. 2, November 2004

Johnston, Bill and Rowena Murray. “New Routes to the PhD: Cause for Concern?” – i *Higher Education Quarterly*, Vol. 58, No 1, 2004: 31-42

Johnston, Sue. “Building a Sense of Community in a Research Master’s Course” – i *Studies in Higher Education* Vol. 20, No 3, 1995: 279-291